

Saksprotokoll i Fylkesutvalet - 12.04.2023

Avrøysting

Fylkesdirektøren sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Vedtak

1. Vestland fylkeskommune er positiv til bygginga av Onarheim og Øyra transformatorstasjonar då desse vil betre kraftsituasjonen betydeleg lokalt og i Vestland.
2. Det vert ikkje stilt krav om arkeologisk registrering ut frå undersøkingsplikta etter § 9 i kulturminnelova.
3. To permanente høgspenteleidningar (L5 med mastepunkt FM1-FM3 i konsesjonssøknaden) bør leggest i kabel for å unngå skjemmande verknad på buplass frå eldre steinalder, Askeladden id 135141.
4. Askeladden id 135141 skal merkast og gjerdast inn i anleggsperioden for å unngå fysisk skade på kulturminnet. Dette skal sikrast av arkeolog frå Vestland fylkeskommune.
5. Vestland fylkeskommune ber NVE stilla vilkår om avbøtande tiltak som ivaretek ferdsel forbi stasjonen. Etablering av nye tur-stiar/vegar vil vere aktuelt, og stien mot Bremstølen og kulturmiljøet ved elva bør bevarast i den grad det er mogleg.